


Merknad til budsjett 2016

Eldrerådet drøfta budsjettet for 2016 i møte 18.11.2015

1. Liv Myklebust orienterte om budsjettet for helse og omsorg som var auka med 17 mill. Frå kr 311mill. I 2015 til kr. 328 mill. 2016. Me er glad for at den auka ramma mogeleggjer at eldreomsorga kan verta betre og me ber om at det kjem brukarane tilgode . Me veit at det vert fleire som treng hjelp og at det kjem fleire unge som treng hjelp.
2. Me ber om at resursane vert nytta der brukarane er. Me ynskjer konkret oversyn over kor mykje av budsjetttauken som går til nye stillingar og konsulenthjelp , og kva som går til eldreomsorga.
3. Me ser at satsane for kommunale tenester som dei eldre må ha for å overleva er sett monaleg opp. Dette meinar me er både urimeleg og urettferdig.
4. Mesteparten av dei som må få hjelp frå kommunen har vore pensjonistar i 20-30 år og det er svært lite att av pensjonen samanlikna med lønningane i dag.
5. Utgiftene er dei same for pensjonistar som bur heime som for lønnsmottakarar,
6. Så har dei utgifter på alt dei ikkje vinn gjera sjølve og som regel meir medisinutgifter . Pensjonistar som bur saman vert trekt 15 % av pensjonen.
7. Kjøpekrafta for pensjonistane gjekk i minus i år så rekneskapet går ikkje ihop.
8. Me ber kommunen tenkja på dette når dei seier at dei eldre skal bu heime å klara seg sjølve. Når no kommunen skal setja opp eigedomsskatten så kjem det til å utgjera ganske mykje for pensjonistane.
9. Eldrerådet har påpeika trøngen for ein communal vaktmeistar. som eldre kan få hjelp av, til ein overkommeleg timepris.Når kommunen vil at dei fleste skal bu lengst mogeleg heime så må det vera rå å få til ein vaktmeistarstilling. Me kan ikkje sjå at denne viktige posten er koment med i busjettet og det vil me påpeika at det må.
- 10 Me forstod det slik at det var sett av midlar til ein 50 % stilling som dementkoordinator. Det er bra og det trengs. Det er bra at kommunen har forståelse for at det vert fleire med denne sjukdomen og dei må takast godt vare på. Men i dagens omsorg for demente er det mange nye former, som me gjerne skulle yngst at Voss hadde vist større merksemd i sine planar.
- 11 Utkast til ny strategiplan avvik i svært liten grad frå strategiane som er nedfelt i gjeldande Omsorgsplan frå 2011.

- 12 Det er ikkje nye strategiar Voss treng , men konkrete planar for å løysa dokumenterte utfordringar i eldreomsorga og for dei unge som treng hjelp.
- 13.Heilt konkret: Korleis har kommunen tenkt å løysa noverande og framtidig trøng for sjukeheimspllassar og omsorgsbustader ?
- .Me har i mange år påpeika trøngen for omsorgsbustader for eldre , og at Udlabutomte og området der vert avsett til Eldresenter. Det er ikkje noko område som er meir naturleg til Eldreområdet enn der. Folk lurar på kvifor den flotte plassen skal brukast til Parkeringsplass.
Me ber om at heile området på Vetleflaten vert vedteke at det skal vera Eldreområde, og at bygging av OMSORGSBUSTADER FOR ELDR E kjem i gong snarast. Det er så mange eldre på Voss at heile område trengst.
Dei unge med nedsett funksjonsevne har kava for å koma ut frå gamleheimane, og det er naturleg at dei vil vera i sitt miljø, Håpar Voss tek ansvar for deira ynskje og, slik at dei kan få sitt område ein anna stad.

Voss Eldreråd

Brita Sanden
- leiar-